

# Høyring KUL 2026 Møre bispedøme

## Felles innledning til rammeplanene:

1. Er sammenhengen mellom rammeplanene og Plan for kirkelig undervisning og læring – overordnet del tydelig fremstilt?

Nei

Fritekst:

Samanhengen mellom rammeplanane og *Plan for kirkelig undervisning og læring* blir etablert i første avsnitt under «Felles innledning til rammeplanene». Det bør likevel tydeleggjerast og visast til, med full tittel, i innleiing og undervegs i kvar enkelt rammeplan, då denne samanhengen er grunnleggande for å forstå intensjonen med rammeplanane.

2. Mener høringsinstansen at rammeplanene gir en tydelig og hensiktsmessig retning for lokal planlegging av kirkelig undervisning og læring?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømeråd har i denne høyringa vald å halde fram det som er sentralt utifrå Møre sitt særpreg: nynorsk som hovudmål i mange sokn og store variasjonar i storleik geografi, medlemstal og samansetting av stabar kyrkjelydane. Med bakgrunn i dette er det særleg tre moment vi har valt å trekke fram i svara våre. Rammeplananes lesarvenlegheit og tilgjengelegheit for den lokale tilsette; i kva grad variasjonen i størrelse mangfaldet til sokna kjem fram i planane; og utvalet av nynorske salmar.

Overordna ønsker vi å kommentere at planane ber preg av dårleg og forvirrande språkføring fleire stader, samt passasjar med mykje overflødig tekst. Det er gjort nokre forsøk på å kommentere dette undervegs i høyringa, med konkrete dømer, men dette er og ei overordna tilbakemelding på «Felles innledning til rammeplanene», «rammeplanene» og dei ulike rettleiande listene. Ein bør gjere ei gjennomgåande vurdering og redigering for å gjere teksten meir lesarvennleg og presis.

I tillegg ønsker vi å peike på at forholdet mellom «kan og bør» og «må og skal» ikkje er konsekvent gjennomført. Dette gjer at formuleringar som til dømes «samiske språk er en sentral del av språkmangfoldet som skal erfares» (s. 8) verkar uforholdsmessig sterke når andre sentrale delar av kyrkjeleg læring og undervisning er uttrykte med «kan og bør». Dette kjem særleg fram i formuleringer til dømes under «kirkens tradisjon og tro» for unge vaksne der det står at «...kan kirken invitere dem til

- Delta i gudstjeneste, nattverdsfeiring og dåpspåminnelse

- Synge salmer og sanger, joike, lytte til musikk, delta i kor, band og forsangergrupper»

Invitasjon til gudsteneste og salmesong bør ikkje vere ei moglegheit, men noko kyrkja tilbyr på fast basis.

Møre bispedømeråd meiner og at rammeplanane i liten grad synleggjer større mangfaldet som finst blant sokna, særleg dei små sokna med få tilsettesressursar som skal betene opp til fleire sokn.

Møre bispedømeråd meiner og at det er for få nynorske salmar i dei rettleiande listene.

3. Er eksempel på erfaringsmål nyttige i lokalt arbeid med læring og inkludering i kirkelig undervisning?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømeråd meiner at det er vanskeleg å forstå kva som er meint under beskrivinga av erfaringsmål, og korleis dette kjem til syne i dei ulike rammeplanane. Omgrepet er berre brukt i innleiinga til rammeplanane.

4. Er forståelsen av tolkningskompetanse tydelig og relevant formulert?

Ja

Fritekst:

5. Ut fra beskrivelsen i innledningen: Er samisk innhold i rammeplanene tilstrekkelig ivare tatt?

Ja

Fritekst:

Møre bispedømeråd ønsker å understreke at ein er svært positivt til at samisk tradisjon, språk og kultur er tydeleg tematisert gjennom planane. Likevel synes det fleire stader i dokumentet å vere stor avstand mellom skildra røynd og faktisk røynd, til dømes når det står at: «Samiske kulturuttrykk, trosuttrykk og livsanskuelse er en del av innhold og praksiser i konfirmasjonstiden i alle menigheter.» eller at «samiske språk er en sentral del av språkmangfoldet som skal erfares». Slike formuleringar kan verke mot si hensikt, då ei normativ beskriving med stor avstand til faktisk røynd kan verke framandgjerande. I tillegg legg det eit ansvar på lokalkyrkjelyden som ho ikkje har føresetnader for å ta. Dersom desse formuleringane skal realiserast, må det følge fleire konkrete og praksisnære tiltak, samt kompetanseutvikling på eit strukturelt nivå, med føremål om å gi konkrete resultat i dei lokale sokna.

Møre bispedømeråd foreslår at den lokale kyrkjelyd vert oppmoda til at andre nasjonale minoritetar, og det generelle kulturelle mangfoldet vert synleggjort i lokal plan der dei er representert i lokalsamfunnet.

6. Er prinsippene for progresjon mellom aldersgruppene tydelige og hensiktsmessige?

Nei

Fritekst:

Dei er føremålstenlege, men lite tydeleg skildra gjennom heile dokumentet. Prinsippa for progresjon, slik dei er tenkt, bør inngå og bli gjentekne i kvar enkelt av rammeplanane.

7. Mener høringsinstansen at foresattes og fadderes rolle er tilstrekkelig beskrevet og ivare tatt?

Ja

Fritekst:

Møre bispedømmeråd meiner at føresette og fadrar si rolle er godt beskrive. Det er mange fadrar som bur andre stader enn barnet. Dette perspektivet meiner Møre bispedømmeråd manglar både i omtale og i ulike praksisar der fadrar er nemnt. Vi meiner og at det blir lagt for stor vekt på fadrar og føresette, der andre relasjonar med fordel kunne fått større plass. Slik skildrar ein og mangfaldet i familiesituasjonar i samfunnet vårt.

Møre bispedømme ønsker å understreke det behovet dei nye rammeplanane dekker; å sikre målretta kyrkjeleg undervisning ikkje berre for 0-18, men og for dei vaksne. Dette inkluderer føresette og fadrar som nettopp saman med kyrkja har lova å be og hjelpe barnet å leve og vokse i den kristne tro.

### **Forpliktende innhold i rammeplanene**

8. Rammeplanene bruker gjennomgående formuleringen “For at barna/konfirmanter/etc skal lære om Bibelen/kristen tro/etc, kan kirken invitere dem til å: (...)”. Kirkerådet ønsker tilbakemelding på om det er for lite forpliktende innhold i de seks rammeplanene generelt, og i rammeplanen for konfirmasjonstiden spesielt. Fritekst:

Møre bispedømmeråd sluttar seg til eit lite forpliktande innhald i rammeplanane med unntak av konfirmasjonstida. Her kunne det med fordel vore formulert eit meir forpliktande innhald, for å sikre ein grunnleggande og landsdekkande kjennskap til tekstar og lære. Til dømes kunne det vore utarbeidd eit mindre utval av tekstar som konfirmantane ikkje berre bør, men skal kjenne til etter konfirmanttida. Konfirmanttida er den tida der tilbodet til deltakarane er likast i heile landet. Det gjer at det kan vere tenleg med tydelegare målformuleringar for denne perioda.

Møre bispedømmeråd vil og understreke at eit lite forpliktande innhald i rammeplanane fordrar både teologisk kompetanse og vurderingsevne hos dei lokalt tilsette. Dette kan utgjere ein sårbarheit, særleg dei stadane der tilsette i

kyrkjeleg undervisning i liten eller ingen grad har tilstrekkeleg teologisk kompetanse til å gjere dei nødvendige vurderingane.

### **Veiledende lister- overordnet om kjernetekstene**

9. Gir oversikten over kjernetekster hjelp til helhet og sammenheng i tekstutvalget for aldersgruppene 0-19 år?

Ja

Fritekst:

Ja, men Møre bispedømmeråd meiner innleiinga til dei rettleiande listene er noko forvirrande. Her bør teksten gjennomarbeidast for å auke presisjonsnivået, slik at han saman med oversikta over kjernetekstar kan hjelpe lesaren med heilskap og samanheng i tekstutvalet for aldersgruppa 0-19 år. Innleiinga kan og med fordel innehalde ei formulering som gjengjev prinsippet om progresjon. Det er og ønskeleg at dei rettleiande listene følger den enkelte rammeplanen, i tillegg til at dei eksisterer som eit eige dokument.

### **Rammeplan 0-5 år**

10. Har høringsinstansen overordnede innspill på rammeplanen for 0–5 år? Fritekst:

Språk og formuleringar må gjennomarbeidast for å auke presisjonsnivået og lesarvenlegheit. Døme: Under «Kristen tro i praksis» listes det først opp at kyrkja kan invitere dem til

- delta i ulike former for bønn

- be felles bøner ved innledning....

- be morgnebønn, bordbønn og kveldsbønn hjemme

Første kulepunkt oppsummerar dei to under, noko som får teksten til å verke lite gjennomarbeidd.

Ei anna upresis formulering er at «dåpens teologi er grunnleggande» der det eigentleg er dåpen som er det grunnleggande.

11. Har høringsinstansen overordnede innspill til rammeplanens innledning? Fritekst:

Her bør det visast til *overordna del* på ny. Som nemnt under spørsmål 1 bør dette gjerast på nytt i innleiinga til kvar rammeplan.

12. Gir rammeplanen en god beskrivelse av hvordan kirkelig undervisning kan støtte barns tidlige relasjoner og trosutvikling?

Ja

Fritekst:

13. Er vektleggingen av lek, relasjon og sanselig læring hensiktsmessig?

Ja

Fritekst:

14. Vurderer dere at aktivitetstilbudet for aldersgruppen er realistisk og gjennomførbart?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømme meiner at det ikkje er realistisk å legge opp til minst tre tilbod i dei minste sokna, til dømes der eit fellesråd har opp til 10 kyrkjestader med berre ein tilsett i kyrkjeleg undervisning.

I dei aller minste sokna er eit mål om minst to forskjellige tilbod meir realistisk, til dømes dåp og 4-års bok. Dette og for å sikre den lokale forankringa så ikkje tilbod til denne aldersgruppa vert sentralisert til dei større kyrkjestadane i området.

15. Er erfaringsmålene innenfor «Bibel, tekst og tolkning» relevante for aldersgruppen?

Ja

Fritekst:

16. Er det innspill til sentrale temaer og utvalgskriterier? Fritekst:

Møre Bispedømmeråd meiner ein bør prioritere dei liturgiske ledda som ein møter i alle gudstenester; kyrie, gloria og velsigninga i alle rammeplanane. Og dei bibeltekstene som høyrer med til desse. Konkret tyder dette at fortellinga om Bartimeus i Markus 10,46-52, den aronittiske velsigninga i 4.Mos 6,22-26 og englesongen i Luk 2, 14 bør vere kjernetekstar og for denne aldersgruppa.

17. Er erfaringsmålene innenfor «Kirkens kultur og tradisjon» relevante for aldersgruppen?

Ja

Fritekst:

Ja, men ein bør her vurdere kva ein legg i omgrepet «invitere». Kyrkja kan ikkje invitere til song og høgtidsfeiring i heimen, men heller oppmode foreldre til dette. Dette er et døme på korleis planen bør reviderast med tanke på lesarvennlegheit.

18. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kristen tro i praksis»? Fritekst:

Nei

19. Er samarbeidet med foresatte og faddere tilstrekkelig ivaretatt?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømmeråd meiner at perspektivet med fadrar som bur andre stader i landet bør kome tydelegare frem. Vi meiner og at det blir lagt for stor vekt på fadrar og føresette, der andre relasjonar med fordel kunne fått større plass. Slik skildrar ein og mangfaldet i familiesituasjonar i samfunnet vårt.

### **Veiledende lister 0-5 år**

20. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av kjernetekster for 0–5 år?

Fritekst:

Nei

21. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av eksempeltekster for 0-5 år?

Fritekst:

Nei

22. Har høringsinstansen innspill på listenes utforming med inndeling i kjerne- og eksempeltekster? Fritekst:

Valet av omgrepet eksempeltekstar er lite presist, då det ikkje skildrar korleis desse listene skal forståast i høve til kjernetekster.

23. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av salmer? Fritekst:

Møre bispedømme meiner at det er få nynorsksalmar for denne gruppa, og at det manglar nynorsk dåpssalme. Vi foreslår og å ta inn *781 Kven har skapt alle blomane* og *331 Du lyser din fred over barnet* som dåpssalme.

24. Har høringsinstansen innspill på praksisformer? Fritekst:

Nei

### **Rammeplan 6-12 år**

25. Har høringsinstansen overordnede innspill til rammeplan for 6–12 år? Fritekst:

Møre bispedømme meiner språk og formuleringar bør bli gjennomarbeidd for å auke presisjonsnivå og lesarvenlegheit. Eit døme på dårleg språkføring er: «Foresatte, familie og faddere inkluderer i lokale planer». Her bør det heller stå «Foresatte, familie og faddere skal inkluderer i lokale planer». Om ein ikkje ønsker at dette skal vere ein sterk føring, bør ein heller ikkje bruke normative formuleringar som dette.

26. Har høringsinstansen innspill på rammeplanens innledning? Fritekst:

Her bør det visast til *overordna del* på ny. Som nemnt under spørsmål 1 bør dette gjerast på nytt i innleiinga til kvar rammeplan.

27. Mener dere at rammeplanen ivaretar barns behov for utforskning, undring og læring?

Ja

Fritekst:

28. Er balansen mellom kunnskap, opplevelse og deltakelse hensiktsmessig?

Ja

Fritekst:

29. Er forslagene til aktiviteter realistiske og relevante for menighetene?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømme meiner ordlyden ikkje synleggjer dei små sokna i Den norske kyrkja med lave barnetal. Dette kan bli gjort gjennom formuleringar som «sokn med lave barnetal oppfordrast til å slå saman fleire tiltak for å ivareta føreseielegheit og bredde i tilbodet». Elles vil vi løfte frem at det er positivt at barne- og ungdomsorganisasjonar er inkludert i teksten her, då dei utgjer viktige samarbeidspartnarar for den lokale kyrkjelyd.

30. Er erfaringsmålene innenfor «Bibel, tekst og tolkning» tilpasset aldersgruppen?

Ja

Fritekst:

31. Er det innspill til sentrale temaer og utvalgs-kriterier?

Ja

Fritekst:

Møre Bispedømmeråd meiner ein bør prioritere dei liturgiske ledda som ein møter i alle gudstenester; kyrie, gloria og velsigninga i alle rammeplanane. Og dei bibeltekstene som høyrer med til desse. Konkret tyder dette at den aronittiske velsigninga i 4.Mos 6,22-26 bør vere kjernetekst og for denne aldersgruppa.

32. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kirkens kultur og tradisjon»?

Nei

Fritekst:

33. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kristen tro i praksis»?

Nei

Fritekst:

34. Er foresattes og fadderes rolle tydelig og hensiktsmessig beskrevet?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømmeråd meiner at perspektivet med fadRAR som bur andre stader i landet bør kome tydlegare frem. Vi meiner og at det blir lagt for stor vekt på fadRAR og føresette, der andre relasjonar med fordel kunne fått større plass. Slik skildrar ein og mangfaldet i familiesituasjonar i samfunnet vårt.

### **Veiledende lister 6-12 år**

35. Bibeltekster: Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av kjernetekster for 6-12 år? Fritekst:

Nei

36. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av eksempeltekster for 6-12 år? Fritekst:

Nei

37. Har høringsinstansen innspill på listenes utforming med inndeling i kjerne- og eksempeltekster? Fritekst:

Valet av omgrepet eksempeltekstar er lite presist, då det ikkje skildrar korleis desse listene skal forståast i høve til kjernetekster.

38. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av salmer? Fritekst:

Møre bispedømme meiner at det er for få nynorsksalmar for denne gruppa. Eit forslag for å balansere dette kan vere å ta inn *331 Du lyser din fred over barnet*. Vi foreslår også at *63 Det lyser i stille grender* erstattar *26 Solbarn, jordbarn*, då salme 63 har ein enklare tekst, er ein song på folkemunnet og har stått seg gjennom tider. *33 Det hev ei rose sprunge* er ein profeti-song, men denne gruppa har ikkje profetiar som tekstar. Det kjem seinare. Vi vil foreslå at denne kjem inn i ei seinare gruppe som har fokus på profetiar. *56 En krybbe var vuggen/ Ei krubbe var vogga* står kanskje betre til tekstar som er tenkt for denne gruppar, den fins og på nynorsk. Vi foreslår vidare at *240 Måne og sol* bør følge alle trinn oppover for å ivareta pinse. Møre bispedømme vil og peike på at det er for få nattverdssalmar for denne aldersgruppa.

39. Har høringsinstansen innspill på praksisformer? Fritekst:

Møre bispedømmeråd meiner det bør vere større samanheng mellom kjernetekstar og praksisformer. Til dømes bør *Matt 26, 17-25* vere med der nattverd er ei av dei anbefalte praksisformene eller *Salme 8* når undertur i skogen er ein anbefalt praksisform. I tillegg bør oppstandelsen vere eit tema i tillegg til «død, sorg, håp og begravelse» under Allehelgens for å løfte kyrkja sitt bodskap.

Møre bispedømmeråd oppmodar og til å tenke annleis rundt faddersamlingar der fadRAR bur andre stader i landet. Til dømes kunne det vore utarbeida digitale ressursar til dette.

## Rammeplan for konfirmasjonstiden

40. Har høringsinstansen overordnede innspill til rammeplan for konfirmasjonstiden?

Fritekst:

Nei

Forslag: Ja, katekisme (Arnt Ove)

41. Har høringsinstansen innspill på rammeplanens innledning? Fritekst:

Her bør det visast til *overordna del* på ny. Som nemnt under spørsmål 1 bør dette gjerast på nytt i innleiinga til kvar rammeplan.

42. Er det innspill til rammer for konfirmasjonstiden (omfang, struktur, leir og innhold)?

Ja

Fritekst:

Møre bispedøme oppmodar til å tenke nytt om konfirmasjonshandlinga for å gjere henne meir inkluderande. Stadig fleire ungdomar er ikkje døypte når dei når konfirmasjonsalder, og nokre ønskjer ikkje, eller har ikkje høve til å arrangere eit stort konfirmasjonsselskap. Samstundes kan dei ha eit ønske om å delta i konfirmasjonsundervisninga saman med venene sine.

Møre bispedøme oppmodar difor til å vurdere alternative løysingar, til dømes eit kursbevis som dokumenterer gjennomført konfirmasjonsundervisning og kan nyttast som grunnlag for dåp og til å kunne ha sjølve konfirmasjonshandlinga på eit anna tidspunkt det er meir høveleg.

43. Er det god balanse mellom bredde og fordypning i undervisningen?

Ja

Fritekst:

44. Er erfaringsmålene innenfor «Bibel, tekst og tolkning» tilpasset aldersgruppen?

Ja

Fritekst:

45. Er det innspill til sentrale temaer og utvalgskriterier? Fritekst:

Møre bispedøme foreslår at Luthers lille katekisme, som ein finn bakerst i salmeboka, vert tatt inn for å løfte luthersk teologi og lære.

46. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kirkens kultur og tradisjon»? Fritekst:

Nei

47. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kristen tro i praksis»? Fritekst:

Nei

48. Er samarbeidet med foresatte og faddere godt nok ivaretatt?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømmeråd meiner at perspektivet med fadrar som bur andre stader i landet bør kome tydlegare frem. Vi meiner og at det vert lagt for stor vekt på fadrar og føresette, der andre relasjonar med fordel kunne fått større plass. Slik skildrar ein og mangfaldet i familiesituasjonar i samfunnet vårt.

### **Veiledende lister bibeltekster- konfirmasjonstiden**

49. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av kjernetekster for konfirmasjonstiden? Fritekst:

Møre bispedømmeråd sluttar seg til listene, men anbefaler at det blir utarbeidd eit mindre utval av bibeltekstar som konfirmantar skal kjenne til etter konfirmanttida.

50. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av eksempeltekster for konfirmasjonstiden? Fritekst:

Nei

51. Er det hensiktsmessig med veiledende lister utformet med inndelingen kjernetekster og eksempeltekster?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømme meiner ein bør tydeleggjere kva hensikta er med denne inndelinga er. Valet av omgrepet eksempeltekstar er lite presist, då det ikkje skildrar korleis desse listene skal forståast i høve til kjernetekster.

Valet av omgrepet eksempeltekstar er lite presist, då det ikkje skildrar korleis desse listene skal forståast i høve til kjernetekster

52. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av salmer? Fritekst:

Møre bispedømme meiner det er få nynorsksalmar for denne gruppa. Vi føreslår å ta inn *334 Du er mi øy i havet Gud*. Store delar av landet vårt har kystlinje med øyer. Men sjølv i innlandet kan det vere øyer i elvar og innsjøar. Vi føreslår i tillegg *1 Herre Gud ditt dyre navn og ære, 40 Å kom nå med lovssang, 104 I et skur ved Betlehem, 2 Folkefrelser til oss kom* i anledning advent, *419 Med Jesus vil eg fara*, som er ei salme som er mykje brukt ved konfirmasjon og *844 No livnar det i lundar* som er godt egna ved vårkonfirmasjon og som ein salme som

sett fokus på skaperverket. Møre bispedøme vil og peike på at det er for få nattverdssalmar for denne aldersgruppa, og at tilfang av salmar med ungdommeleg preg er svært smal.

53. Har høringsinstansen innspill på praksisformer? Fritekst:

Nei

### **Rammeplan for 13-19 år**

54. Har høringsinstansen overordnede innspill til rammeplan for 13–19 år? Fritekst:

Nei

55. Har høringsinstansen innspill på rammeplanens innledning? Fritekst:

Her bør det visast til *overordna del* på ny. Som nemnt under spørsmål 1 bør dette gjerast på nytt i innleiinga til kvar rammeplan.

56. Mener høringsinstansen at rammeplanen treffer ungdoms behov for tilhørighet, refleksjon og identitetsutvikling?

Ja

Fritekst:

Møre bispedømeråd vil løfte frem ungdommers behov for å høyre til eit større fellesskap, særlig i distriktet. Dette kunne med fordel vert knyta nokon refleksjonar rundt. Her har kyrkja eit stort potensielt som landsdekkande folkekyrkje, der det til dømes kunne vore nemnt at kyrkja på mindre stadar oppfordrast til å ha større regionale arrangement for å tilverke denne tilhøyrslø.

57. Er vektleggingen av medvirkning og ansvar for ungdom hensiktsmessig?

Ja

Fritekst:

58. Er aktivitetene og tilbudene realistiske og relevante?

Nei

Fritekst:

Møre bispedøme meiner at det er viktig at ein oppmodar til å utarbeide tilbod for dei som treng små og stabile grupper. Samstundes erkjenner vi at dette kan vere ressurskrevjande og lite realistisk for små sokn som allereie opplev stort press på dei få ressursane dei har. Det er derfor lite realistisk når det står at det «må finnes tilbod for dem som trenger små og stabile grupper», ein bør heller formulere at ein oppmodar kyrkjelyden til å ha eit slikt tilbod.

59. Er erfaringsmålene innenfor «Bibel, tekst og tolkning» tilpasset ungdom?

Ja

Fritekst:

60. Er det innspill til sentrale temaer og utvalgs-kriterier? Fritekst:

Nei

61. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kirkens kultur og tradisjon»? Fritekst:

Møre bispedømme foreslår at Luthers lille katekisme, som ein finn bakerst i salmeboka, vert tatt inn for å løfte luthersk teologi og lære.

62. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kristen tro i praksis»? Fritekst:

Nei

63. Er foresattes og fadderens rolle hensiktsmessig beskrevet etter religiøs myndighetsalder?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømmeråd meiner at perspektivet med faddrar som bur andre stader i landet bør kome tydelegare frem. Vi meiner og at det blir lagt for stor vekt på faddrar og føresette, der andre relasjonar med fordel kunne fått større plass. Slik skildrar ein og mangfaldet i familiesituasjonar i samfunnet vårt.

#### **Veiledende lister bibeltekster 13-19 år**

64. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av kjernetekster for 13–19 år?

Fritekst:

Nei

65. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av eksempeltekster for 13-19 år?

Fritekst:

Nei

66. Er det hensiktsmessig med veiledende lister utformet med inndelingen kjernetekster og eksempeltekster?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømme meiner ein bør tydeleggjere kva hensikta med denne inndelinga er. Valet av omgrepet eksempeltekstar er lite presist, då det ikkje skildrar korleis desse listene skal forståast i høve til kjernetekster.

67. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av salmer? Fritekst:

Møre bispedøme meiner det er få nynorsksalmar for denne gruppa. Vi vil og peike på at det er for få nattverdssalmar for denne aldersgruppa, og at tilfang av salmar med ungdommeleg preg er svært smal.

68. Har høringsinstansen innspill på praksisformer? Fritekst:

Møre bispedøme meiner leiartrening og pilegrim og vandringar i naturen er sær gode døme på praksisformer. I tillegg oppmodar vi til å ta inn det allmenne skriftemålet, då vi erfarer at skriftemål fungerer bra også for denne aldersgruppa, ikkje berre for unge vaksne. Vi vil og foreslå å ta inn Alfakurs ung, som og finnes på ressursbanken, som eit døme på «smågrupper» for denne aldersgruppa.

### **Rammeplan for unge vaksne**

69. Har høringsinstansen overordnede innspill til rammeplan for unge vaksne? Fritekst:

Møre bispedøme meiner at gruppa unge vaksne med fordel kunne vore tydelegere identifisert, samt hensikta med to ulike rammeplanar for unge vaksne og vaksne når innhaldet er mykje likt.

70. Har høringsinstansen innspill på rammeplanens innledning? Fritekst:

Her bør det visast til *overordna del* på ny. Som nemnt under spørsmål 1 bør dette gjerast på nytt i innleiinga til kvar rammeplan.

71. Er aktivitetene relevante og fleksible nok for målgruppen?

Ja

Fritekst:

72. Mener dere at rammeplanen treffer unge vaksnes livssituasjon og behov?

Ja

Fritekst:

73. Er vektleggingen av identitet, tilhørighet og trosutvikling hensiktsmessig?

Ja

Fritekst:

74. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Bibel, tekst og tolkning»? Fritekst:

Møre bispedøme foreslår at Luthers lille katekisme, som ein finn bakerst i salmeboka, vert tatt inn for å løfte luthersk teologi og lære.

75. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kirkens kultur og tradisjon»? Fritekst:

Nei

76. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kristen tro i praksis»? Fritekst:

Møre bispedømmeråd vil trekke frem at det er særst positivt at ein løfter frem det allmenne skriftemålet her.

### **Veiledende lister bibeltekster- unge voksne**

77. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av tekster for unge voksne?

Fritekst:

Nei

78. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av eksempeltekster for unge voksne? Fritekst:

Nei

79. Er det hensiktsmessig med veiledende lister utformet med inndelingen kjernetekster og eksempeltekster?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømme meiner ein bør tydeleggjere kva hensikta er med denne inndelinga er. Valet av omgrepet eksempeltekstar er lite presist, då det ikkje skildrar korleis desse listene skal forståast i høve til kjernetekster.

80. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av salmer? Fritekst:

Møre bispedømme meiner det er få nynorsksalmar for denne gruppa. Vi foreslår *131 Vi synger med Maria til Maria bodskapsdag*, *162 Sårkorn som dør i jorden* til påske, *695 Rop det ut* til Kristi himmelfartsdag og *759 Fagert er landet høvesvis* til vigsel eller nasjonaldag. Vi foreslår også at *334 Du er mi øy* og *86 Namnet Jesus* vert tatt inn her. Møre bispedømme vil og peike på at det er for få nattverdssalmar for denne aldersgruppa.

81. Har høringsinstansen innspill på praksisformer? Fritekst:

Møre bispedømme foreslår å ta inn Alfakurs ung, som og finnes på ressursbanken, som eit døme på «smågrupper» for denne aldersgruppa.

### **Rammeplan for voksne**

82. Har høringsinstansen overordnede innspill til rammeplan for voksne? Fritekst:

Nei

83. Har høringsinstansen innspill på rammeplanens innledning? Fritekst:

Her bør det visast til *overordna del* på ny. Som nemnt under spørsmål 1 bør dette gjerast på nytt i innleiinga til kvar rammeplan.

84. Rammeplanene bruker gjennomgående formuleringen "For at barna/konfirmanter/etc skal lære om Bibelen/kristen tro/etc, kan kirken invitere dem til

å: (...)" Kirkerådet ønsker tilbakemelding på om det er for lite forpliktende innhold i de seks rammeplanene generelt, og i rammeplanen for konfirmasjonstiden spesielt.

Fritekst:

Møre bispedømmeråd sluttar seg til eit lite forpliktande innhald i rammeplanane med unntak av konfirmasjonstida. Her kunne det med fordel vore formulert eit meir forpliktande innhald, for å sikre ein grunnleggande og landsdekkande kjennskap til tekstar og lære. Til dømes kunne det vore utarbeidd eit mindre utval av tekstar som konfirmantane ikkje berre bør, men skal kjenne til etter konfirmanttida. Konfirmanttida er den tida der tilbodet til deltakarane er likast i heile landet. Det gjer at det kan vere tenleg med tydelegare målformuleringar for denne perioda.

Møre bispedømmeråd vil og understreke at eit lite forpliktande innhald i rammeplanane fordrar både teologisk kompetanse og vurderingsevne hos dei lokalt tilsette. Dette kan utgjere ein sårbarheit, særleg dei stadane der tilsette i kyrkjeleg undervisning i liten eller ingen grad har tilstrekkeleg teologisk kompetanse til å gjere dei nødvendige vurderingane.

85. Mener høringsinstansen at rammeplanen ivaretar bredden i voksnes livssituasjoner?

Nei

Fritekst:

Møre bispedømmeråd vil løfte frem at stadig fleire lever i einsleg hushald, og det er estimert at det framover vil vere fleire som går barnlause igjennom livet. Denne gruppa bør komme enda tydlegare fram i rammeplan for vaksne. Til dømes kunne det vere tenleg under punkt 10 i «kristen tro i praksis» å nemne venskap som ein sentral relasjon.

86. Er målet om både dybde og tilgjengelighet i undervisningen hensiktsmessig formulert?

Ja

Fritekst:

87. Er aktivitetene relevante og gjennomførbare i lokal sammenheng?

Ja

Fritekst:

88. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Bibel, tekst og tolkning»? Fritekst:

Møre bispedømme foreslår at Luthers lille katekisme, som ein finn bakerst i salmeboka, vert tatt inn for å løfte luthersk teologi og lære.

89. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kirkens kultur og tradisjon»? Fritekst:

Nei

90. Er det innspill til erfaringsmålene innenfor «Kristen tro i praksis» for voksne? Fritekst:

Nei

91. Mener dere at rammeplanen ivaretar livsnære temaer og ulike livsfaser på en god måte?

Ja

Fritekst:

#### **Veiledende lister bibeltekster - voksne**

92. Har høringsinstansen innspill til tekstutvalget for voksne? Fritekst:

Nei

93. Er det andre innspill til veiledende lister for bibeltekster?

Nei

Fritekst:

94. Har høringsinstansen innspill til utvalg og omfang av salmer? Fritekst:

Møre bispedøme meiner det er få nynorsksalmar for denne gruppa. Vi foreslår at  
*334 Du er mi øy og 86 Namnet Jesus* vert tatt inn her.

95. Har høringsinstansen innspill på praksisformer? Fritekst:

Møre bispedøme foreslår å ta inn Alfakurs eller liknande som eit døme på  
«smågrupper» for denne aldersgruppa.